



Privat vassmålar i Uskedalen – er det nokon som driv meir eller mindre systematiske målingar? (Foto: Ola Matti Mathisen).

Regnrekordar er eit mykje omtala tema om dagen. Framleis har Indre Matre, som ligg tett ved Uskedalen, Noregsrekorden for eit døgn's nedbør med 229,9 millimeter (sett i 1938). Men kor mykje regnar det eigentleg i vår bygd? Det kan vi ikkje svara på så lenge det ikkje er nokon offisiell måletasjon her. Men driv nokon med systematiske private målingar og kan hjelpa uskedalen.no med opplysningar?

Det er SKL som no målar nedbøren i Indre Matre og kan opplysa at det faktisk ikkje er notert nokon nye rekordar i det siste. I desember 2006 kom det 684,7 millimeter, men rekorden for denne månaden lyder på 805 millimeter og vart sett i 1975.

Det var først i haust at det vart fart i regnveret også i Indre Matre.

I heile 2006 kom det 3053,9 millimeter på staden, men rekorden for årsnedbøren som vart sett i 1938 enda på 4.607 millimeter. I Indre Matre er den gjennomsnittlege årsnedbøren sidan år 1900 2.926, 8 millimeter, og den lågaste noteringa med 1725 millimeter kom i 1933.

Forteljinga om rekordnoteringa i 1938 er ikkje mindre enn fantastisk. Då kom det på fire døgn nesten like mykje nedbør i Indre Matre som det normalt skal komma på eit heilt år i Oslo-området. Den bør også skytast inn at nedbørmåling den gongen skjedde berre ein gong i døgnet – om morgonen. Observatør Arnfinn Matre skreiv i kommentaren sin at regnmålaren var full klokka åtte om morgonen den 26. november og at han ikkje kunne seia kor mykje som hadde runne over.

Matre kunne og fortelja at det hadde vore eit ofseleg ver. Ei stor elv hadde flomma over tunet og vannmassane hadde teke med seg steinar store som hus nedetter fjellsida og ut i fjorden. Han og kona turde ikkje for sitt bare liv å gå ut av huset tidlegare om morgonen for å setja opp ein ny vassmålar – dei venta til det fastsette tidspunktet for observasjon. Dei to føregåande dagane hadde det regna tilsaman 108,3 millimeter. Det er grunn til å tru at Matre "mista" 20-25 millimeter som rann over kanten.

Døgnet etter tømte Arnfinn Matre nye 149,3 millimeter ut av måleglaset og på fire døgn hadde staden fått 487,2 millimeter. Det er også ein novergsrekord som framleis held.

Regna det like mykje i Uskedalen den gongen? Det er det ingen som veit. Men folk som veit mykje om nedbør i området seier til uskedalen.no at det regnar til dels mykje mindre i vår dal enn innerst i fjordarmen sør for oss.

**Av Ola Matti Mathisen**